


**Til:** Lisbeth Toppe Alvær  
**Frå:** Dan Nakken Innvær, Morten Melø  
**Stad, dato** Bergen, 2018-03-08  
**Kopi til:** -

## Vurdering tomter for ny brannstasjon Radøy kommune

Notat basert på førespurnad sendt Norconsult 2018-02-21 og møte med synfaring utført 2018-03-08.

I mail datert 2018-02-26 blei det presentert tre tomter som det vart ynskje om å vurdere. I møtet 2018-03-08 blei det også presentert eit fjerde alternativ til tomter.



I korrespondanse i forkant av møte og i møte har kommunen hatt fokus på ynskje om samlokalisering av fleire instansar i tilknytning av etablering av ny brannstasjon. Dette er vektlagt i vurdering av tomter.

Tomt 1:




Tomten eiges av kommunen og har eit areal på ca 6400m<sup>2</sup>.

Mykje av tomta er veger og det er også eit elveløp som går gjennom tomta. Disponibelt areal for bygg er ca 3000m<sup>2</sup>, men da er det ikkje tatt med krav om avstand til veg og anna bebygging så reelt areal disponibelt er mindre.

Vurdere tomta til å vera for lita for formålet.

Tomt 2:




Består av to tomter på til saman ca 3800m<sup>2</sup>. Det er oppført eit bygg og ein plashall på tomtene. Eksisterande bygg kan nyttast ifm tiltaket, samt at det blir bygd eit nybygg der som plashallen er i dag. Eksisterande bygg må rehabiliterast, og takst for desse to tomtene er høg.

Det vil ikkje bli mykje uteareal igjen når all bygningsmasse er på plass.

Tomtene vil kosta mykje å anskaffe, rehabilitere og klargjerast før det i det heile er klart for bygging av ny stasjon.

Vurdere tomtene til å vera for kostbare for formålet, samt at det blir for lite uteområde disponibelt.

Tomt 3:




Markert del av tomt er på ca 9700m<sup>2</sup>. Den vil vera stor nok for formålet og det vil vera godt med uteareal.

Det er ei kupert tomt utan bebygging. Det er ukjent om det er knytta noko usikkerheit til tomta, kven som eig den og om den er til sals. Det er også usikkerheit knytta til etablering av vegforbinding til Fv.

Vurderer at det er mykje usikkerheit til tomta, samt at det vil vera ein kostnad med kjøp av tomt før arbeid med nybygg kan starta.

Tomt 4:



Tomta er på ca 18300m<sup>2</sup>, men det er allerede etablert eit område på ca 3000m<sup>2</sup> for eit renovasjonsfirma. Kommunen eig tomta. Den er urørt og lett kupert.


Det er snakk om å samarbeida med renovasjonsfirmaet som er etablert på tomta ifm nybygg og sambruk av lokalar då renovasjonsfirmaet ynskjer å utvida.

Tomta vil også gi godt med uteareal.

Vurderer tomt 4 som det beste alternativet for etablering av ny brannstasjon og samlokalisering med andre instansar.

Det er denne tomta som blir lagt til grunn for kostnadsvurderinga som blir presentert under.

### Kostnadsvurdering:



Bygning:

Som vist på skissa (og vedlagt nwd-modell) er bygning brannstasjon+feiar med totalt areal på ca 960m<sup>2</sup>.  
Da er brukt erfaringstall som oppsummerast til 31000 kr/m<sup>2</sup>.

Totalt kostnadskalkyle bygg ~ **30 000 000 kr**

Vaskehall:

Vaskehall som vist på skisse med grunnplate på ca 250m<sup>2</sup> ~ **2 000 000 kr**

Opparbeiding av uteområde:

Vekstrydding og planering av store deler av tomta og etablering av veg ~ **3 000 000 kr**

**Total kostnadskalkyle: 35 000 000 kr**

*(Til grunn for kostnadskalkyle ligg erfaringstall og norsk prisbok)*

**NB!**

**Dette er eit grovt anslag og andel uforutsette og uspesifiserte kostnader er høg.**

**Til info:**

Det er ikkje medtatt kostnader og areal for samlokalisering med andre instansar og firma da det på dette tidspunkt ikkje er gjort kjent plassbehov og omfang av eit slikt tiltak.

Med tanke på kor stor tomta er vil det vera gode moglegheita for utviding for samlokalisering og fortsett ha igjen stort uteområde til brannvesen.